



Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/65 - 16/412

Saksbehandlar:

Øivind Olsnes

oivind.olsnes@modalen.kommune.no

Dato:

15.03.2016

## Kommunestruktur - intensjonsavtale om ny kommune "Nordhordland" - høyring

Kommunestyret legg intensjonsavtale datert 1. mars 2016 «Forhandlingsutvala til Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy sin intensjonsavtale for ny kommune» ut på høyring. Høyringsperioden vert sett frå 15. mars til 15. april.

Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøte 13. april

Forhandlingsutvalet får fullmakt til å planleggje den praktiske gjennomføringa av folkemøte.

Modalen kommunestyre ynskjer å få førelagt ei sak om 0-alternativet, dvs. å halde fram som eigen kommune. Dette dokumentet skal vere ein del av prosessen med involvering av innbyggjarane, og 0-alternativet vert òg presentert på folkemøtet, i dialogen med innbyggjarane og i folkeavrøysting.

Vedlagt følgjer saksframlegg med vedtak.

Med helsing

Øivind Olsnes  
Rådmann

Andre mottakere:

Eidsland Grendelag, Eksingedalen Bygderåd, Fylkesmannen i Hordaland, Nordhordland  
Utviklingsselskap IKS, Vaksdal kommune



## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 001	16/65

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2016	Kommunestyret	PS	10.03.2016

### Kommunestruktur - intensjonsavtale om ny kommune "Nordhordland" - høyring

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret legg intensjonsavtale datert 1. mars 2016 «Forhandlingsutvala til Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy sin intensjonsavtale for ny **kommune**» ut på høyring. Høyringsperioden vert sett frå xx mars til xx. april.

Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøte .....

Forhandlingsutvalet får fullmakt til å planleggje den praktiske gjennomføringa av folkemøte.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Modalen vedtok i kommunestyremøte den 5.2.2015 å gå i drøftingar for å utgreie ein eventuell ny kommunestruktur med nabokommunar som var interessert i dette.

I den forrige kommunestyreperiode vart dette følgd opp med drøftingar i ein felles prosess mellom alle kommunane i Nordhordland, Gulen og Solund. Undervegs stansa dei felles drøftingane opp. Dette mellom anna fordi kommunane Meland, Radøy og Lindås ønskete å gjennomføre forhandlingar om samanslåing av desse kommunane. Det har også vore ført forhandlingar mellom andre av våre nabokommunar, utan at Modalen har vore aktivt med på dette.

I den nye kommunestyreperioden har saka vore drøfta både i formannskap og kommunestyre. Alle kommunar fekk i november brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som minna om kommunane sitt ansvar for å gjennomføre ei vurdering av konsekvensar i høve endra kommunestruktur. (Brevet var vedlagt til orientering i kommunestyremøte den 5.11.2015).

Av brev frå statsråd Sanner framgår: «Da Stortinget behandlet Kommuneproposisjonen 2016 i juni viste flertallet til Innst. 300 S (2013-2014) der det het at "alle kommuner har utredningsplikt i kommunereforma". I innstilling 375 S (2014-2015) utdyper flertallet at de i begrepet utredningsplikt legger til grunn "at alle kommunar skal ta aktivt del i kommunereforma. Dette inneber blant anna å ha dialog med nabokommunar, utgreie og vurdere aktuelle alternativ for så å ta stilling til om og i så fall kva kommunar ein ønskjer å gå saman med innan 1. juli."»

I januar 2016 la regjeringa fram sitt framlegg til eit nytt inntektsystem for kommunane. Moglege konsekvensar av dette vart presentert under Nordhordlandstinget den 28. januar. Det vart då drøfta å ta opp att tidlegare felles drøftingane mellom kommunane, men med basis i Radøy, Meland og Lindås sin framforhandla intensjonsavtale. Alle kommunane slutta seg til dette med grunnlag i forhandlingsmandata som tidlegare var gjeve av kommunestyra.

Modalen kommune har delteke i forhandlingane med sitt nye forhandlingsutval. Møta er gjennomført i løpet av februar. I vårt ekstraordinære møte den 23. februar vart eit utkast til intensjonsavtale lagt fram for kommunestyret til orientering.

Den framforhandla intensjonsavtalen vart underteikna av alle ordførarane i møte den 1. mars.

### Vurdering

Forhandlingsutvalet har i drøftingane fått gjennomslag for fleire framlegg som sikrar ulike interesser for Modalen ved eventuell etablering av ein ny kommune – «Nordhordland».

Det er no lagt opp til at alle kommunane tek dette forhandlingsresultatet med i sine vurderingar/ lokale drøftingar fram til endeleg avgjerd i kommunestyra i løpet av juni 2016.

«Nordhordlandsalternativ» som no vert lagt fram bør handsamast etter prinsippa for innbyggjarhøyring på same vis som eventuelt andre alternativ til framtidige kommunar.

Innbyggjarhøyring vert omtala i § 10 i inndelingslova. Inndelingslova § 10 er utforma som ein "bør"-regel. Etter ordlyden gjeld føresegna om innbyggjarhøyring berre for "forslag til grenseendring" og ikkje for saker om grensefastsetjing. Det vil vere opp til kommunen å vurdere om det er nødvendig å innhente innbyggjarane sine synspunkt på den aktuelle saka.

Ei høyring er normalt ikkje noko mål i seg sjølv. Meininga er å få fram opplysningar om saka som ikkje er kjende på førehand. Innspel under høyringa kan og kome frå område i Vaksdal eller kommunen.

Følgjande utgangspunkt kan leggjast til grunn for ei høyring:

- Kommunen pliktar ikkje å høyre innbyggjarane
- Høyringa er avgrensa til innbyggjarar i "det aktuelle området"
- Det er ikkje gjeven ein eksakt høyringsfrist. Fristen må likevel vere slik at høyringa er reell.
- Kommunen avgjerd sjølv kva form høringa skal ha.

### Konklusjon

Rådmannen vil rá til at kommunestyret legg intensjonsavtalen ut på ei lokal høyring fram til medio april og at det bør haldast folkemøte i høyringsperioden.

## **Kommunestyret - 017/2016**

### **KS - behandling:**

Rådmannen orienterte om saka

Samlingslista ved Kristin Nåmdal gjorde framlegg om at det vart teke inn eit slikt tilleggs punkt i vedtaket:

Modalen kommunestyre ynskjer å få førelagt ei sak om 0-alternativet, dvs. å halde fram som eigen kommune. Dette dokumentet skal vere ein del av prosessen med involvering av innbyggjarane, og 0-alternativet vert òg presentert på folkemøtet, i dialogen med innbyggjarane og i folkeavrøysting.

Sigmund Vikane gjorde framlegg om at høyringsperiode vart sett frå 15. mars til 15. april og at det vart halde folkemøte den 13. april.

Framlegg til vedtak med tillespunkt og datoar vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Kommunestyret legg intensjonsavtale datert 1. mars 2016 «Forhandlingsutvala til Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy sin intensjonsavtale for ny **kommune**» ut på høyring. Høyringsperioden vert sett frå 15. mars til 15. april.

Kommunestyret vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøte 13. april  
Forhandlingsutvalet får fullmakt til å planleggje den praktiske gjennomføringa av folkemøte.

Modalen kommunestyre ynskjer å få førelagt ei sak om 0-alternativet, dvs. å halde fram som eigen kommune. Dette dokumentet skal vere ein del av prosessen med involvering av innbyggjarane, og 0-alternativet vert òg presentert på folkemøtet, i dialogen med innbyggjarane og i folkeavrøysting.

### **Vedlegg:**

Intensjonsavtale Nordhordland kommune 01.03.2016  
04 2016 03 01 Protokoll frå forhandlingsutvalet sitt møte